Det juridiske fakultet – Universitetet i Tromsø
Postboks 6050 Langnes
9037 Tromsø

Oslo, 15. august 2016

Dag Bjørke Bremer
tlf. 41 62 51 82
e-post: dag.bremer@gmail.com

Nynorsk skriveseminar på Haugastøl 16. – 18. september 2016. Søknad om støtte

Juristmållaget, eit av yrkesmållaga i Noregs Mållag, søker med dette om stønad til gjennomføringa av nynorsk skriveseminar på Haugastøl 16. – 18. september 2016. Seminaret er særleg retta mot studentar ved fakulteta i Bergen, Oslo og Tromsø, men det har også vore deltakarar frå det offentlege og privat praksis. I 2015 var det 12 deltakarar, av dette 6 jus-studentar ved UiB og 2 studentar/privatistar ved UiO.

Nynorskskrivande studentar møter mange utfordringar ut over dei reint faglege på jus-studiet. Det meste av pensum ligg berre føre på bokmål, og fagspråket er i stor grad prega av uttrykk og måtar å formulere seg på som ligg fjernt frå det nynorske. I møte med eit nytt fag, ein ny måte å tenke på og ein ny terminologi kan det å drive omsetting på eiga hand vere ein tung veg å gå.

Mange studentar synest derfor at det er vanskeleg å skrive på nynorsk og byter om til bokmål i løpet av studiet. For å bøte på dette har Juristmållaget dei ni siste åra skipa til seminar om bruk av nynorsk i juridiske tekstar. Seminara har mellom anna hatt høgsterettsdomar Karl Arne Utgård, professor Kåre Lilleholt og professor Eirik Holmøyvik som føredragshaldarar. Kursa har vore vellukka, og tilbakemeldingane frå deltakarane har vore positive. Vi håpar den gode oppslutninga frå deltakarane held fram og at seminaret kan fortsetje å vere ein inspirasjon til vidare bruk av nynorsk i juristmiljøet.

Årets program inneheld mellom anna eit føredrag av professor Jørn Øyrehagen Sunde om Høgsterett og demokratiet gjennom 200 år. Vidare held Kjetil Aasen frå Kulturdepartementet føredrag om «Nynorsk til juridisk husbruk». Det vil også vere eit innlegg om bruk av nynorsk i arbeidslivet, særleg med tanke på studentar, med bidrag m.a. frå advokatfullmektig Ingvild Risnes Skeie frå advokatfirmaet Harris. Som tidlegare er det og lagt opp til skrivetrening med gjennomgang av innleverte tekstar og eit sosialt program på kveldstid.

Utan stønad frå støttespelarar som dykk, kan ikkje dette einestående tilbodet førast vidare. Vi takkar for støtta tidlegare år, og håpar at de kan gje eit bidrag til seminaret i 2016.

Svar på søknaden og eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna. Juristmållaget har kontonr. 3480.14.12841. Rapport frå seminaret i 2015 følgjer vedlagt.

Beste helsing,

Dag Bjørke Bremer
leiar Juristmållaget

Rapport frå det årlege skrivekurset til Juristmållaget 16. – 18. september 2016

Den 16. – 18. september 2016 skipa Juristmållaget skriveseminar for tolvte året på rad. Seminaret vart til liks med dei siste åra halde på Haugastøl ved Bergensbana. Det var 16 deltakarar, av dette 12 tilsette i privat og offentleg sektor og 4 studentar.

Bakgrunnen for det årlege seminaret er ønsket om å gjere det lettare for juristar og jusstudentar å skrive godt om juridiske problemstillingar. Hovudsakleg blir det lagt vekt på det å skrive nynorsk jus, men også bokmålsbrukarar kan dra nytte av seminaret.

Kurset vart innleidd med velkomst fredags kveld. Det var sosialisering med spørjeleik og servering av suppe.

Laurdagen var det først innlegg frå Gunhild Lauvsnes, rådgjevar ved Fylkesmannen i Hordaland, Ingvild Risnes Skeie, advokatfirmaet Harris og Borgar Høgetveit Berg, advokatfirmaet Thommessen, om bruk av nynorsk i det offentlege og private. Innlegga gav godt grunnlag for debatt og deling av erfaringar. Hovudføredraget heldt så Jørn Øyrehagen Sunde, professor ved Universitetet i Bergen, om «Høgsterett og demokratiet gjennom 200 år». Rådgjevar ved Språkrådet, Kjetil Aasen snakka vidare om språkreglar og utfordingar knytt til nynorsk juridisk språk, bygt på erfaringane med Språkrådets nynorsk-kurs for statstilsette.

Etter føremiddagsmat var det gjennomgang av tekstar som deltakarane hadde levert inn på førehand. Aasen og assisterande fylkesmann i Sogn og Fjordane, Gunnar O. Hæreid, gjekk gjennom tekstane og kom med innspel til korleis ein best mogleg kan formulere seg. Laurdag kveld var det festmiddag. Søndagen vart av nokre nytta til fottur i området rundt Haugastøl.

Skriveseminaret for 2016 vart, som dei føregåande seminara, vellukka. Vi har fått positive tilbakemeldingar frå både deltakarar og føredragshaldarar, og konstruktive innspel til ting som kan bli betre. Spesielt gledeleg var det at deltakartalet auka samanlikna med året før. Dessverre var det likevel færre studentar enn tidlegare år, og vi ser behovet for enno meir marknadsføring retta mot universiteta og høgskulane.

Vi vil nytte høvet til å takke alle som har gitt oss økonomisk støtte. Utan denne støtta hadde det ikkje vore mogleg for oss å skipa til seminaret. Vi trur seminaret er særs viktig for at nynorskskrivande jusstudentar og juristar skal verte motiverte til å halde på målet sitt, slik at nynorsk kan vere eit skriftspråk med livets rett også innanfor den juridiske profesjonen.

Skrivekursnemnda v/styreleiar Dag Bjørke Bremer

Skriveseminar 2016

Pris enkeltrom:	kr	2 390,00
Pris pr. pers i fleirpersonsrom:	kr	2 090,00
Eigendel studentar:	kr	400,00
Eigendel deltakarar i arbeid:	kr	1 000,00
Eigendel deltakar i arbeid enkeltrom:	kr	1 300,00

Totalt 16 deltakarar, av dette ein person (Aasen) med ei overnatting og i tillegg ein føredragshaldar (Øyrehagen Sunde) utan overnatting.
7 fekk opphaldet dekka av arbeidsgjevar
Juristmållaget subsidierte dermed 9 personar
Av dette var det fire personar som berre betalte eigendel, fire styremedlemer som fekk dekt kost og losji (ikkje reise eller enkeltrom), ein føredragshaldar som fekk dekt kost og losji ei natt og ein føredragshaldar som fekk dekt kost og reise.

Eigendel 2 studentar	kr	800,00
Eigendel 2 juristar i arbeid	kr	2 000,00
Totalt eigendel:	**kr**	**2 800,00**

Støtte Universitetet i Oslo	kr	5 000,00
Støtte Universitetet i Bergen	kr	5 000,00
Totalt mottatt støtte:	**kr**	**10 000,00**

Kostnad Haugastøl:	kr	18 955,00
Diverse gåver:	kr	444,00
Totalt kostnader:	**kr**	**19 399,00**
Total kostnad Juristmållaget	**kr**	**6 599,00**

Fra: Dag Bjørke Bremer
Til: Line Merete Skarvik
Emne: Re: Søknad om støtte nynorsk skriveseminar - rekneskap 2016
Dato: 13. mars 2017 08:38:14
Vedlegg: Rekneskap 2016 oppdatert 13.03.2017.xlsx
Rapport frå skriveseminar 2016.doc

Eg undersøkte, og det viser seg nettopp at utbetalinga frå UiT i juni 2016 gjaldt seminaret for 2015. Eg har derfor korrigert rekneskapen (vedlagt), slik at løyvinga frå UiT ikkje kjem med der, og ber om at denne blir lagt til grunn. Rapporten er uendra.

mvh,

Dag Bjørke Bremer
leiar Juristmållaget

2017-03-13 8:33 GMT+01:00 Dag Bjørke Bremer <dag.bremer@gmail.com>:

> Hei!
>
> Eg ber om orsaking for at dette ikkje er sendt tidlegare, vi brukar sende det uoppfordra, men vedlagt følger i alle fall rapport og rekneskap frå seminaret.
>
> Til orientering har eg registrert ei innbetaling frå UiT 15. juni i fjor, som eg tenkte gjaldt dette seminaret, med mindre det gjaldt seminaret for 2015?
>
> mvh
> Dag Bjørke Bremer
> styreleiar Juristmållaget
>
> 2017-03-09 10:49 GMT+01:00 Line Merete Skarvik <line.m.skarvik@uit.no>:
>
>> Hei,
>>
>> eg viser til søknaden om støtte til nynorsk skriveseminar 16.–18. september 2016. Kan du sende meg rekneskapen for skriveseminaret 2016? Ber om orsaking for at det har teke tid å få svar, men studieutvalet skal nå behandle søknaden i neste møte.
>>
>> Venleg helsing
>>
>> Line Merete Skarvik
>>
>> førstekonsulent
>>
>> Det juridiske fakultet
>>
>> UiT – Norges arktiske universitet